



Gol kommune

Saksframlegg

Arkivsaknr.: 2025/1591-16

Saksbehandlar: Sander Lilleslett

2. gongsbehandling og sluttbehandling av planprogram - samfunnsdelen til kommuneplan

Saksgang

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet og Kommuneplanutvalet	
	Kommunestyret	

Innstilling frå kommunedirektøren

Gol kommune stadfestar planprogram for samfunnsdelen til kommuneplan for Gol 2026 – 2038 i medhald av plan- og bygningslova § 11-13.

Saksdokument

Vedlegg:

- 1 Vurdering av innspel og merknader til høyring av planprogram - samfunnsdelen til kommuneplan
- 2 Planprogram for Samfunnsdelen av kommuneplan 2026-2038
- 3 DSB - Varsel om oppstart og høyring av planprogram - samfunnsdelen til kommuneplan
- 4 BANENOR - Innspel til varsel om oppstart og høyring av planprogram - samfunnsdelen til kommuneplan

- 5 NVE - Innspel til varsel om oppstart og høyring av planprogram - samfunnsdelen til kommuneplanen 2026-2038
- 6 Direktoratet for mineralforvaltning - Fråsegn til varsel om oppstart og høyring av planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2026–2038 for Gol kommune.PDF
- 7 Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus - Innspel - oppstart og høyring av planprogram - Kommuneplan - Gol - samfunnsdel 2026 - 2038.pdf
- 8 Buskerud Fylkeskommune - Innspel til varsel om oppstart og høyring av planprogram - samfunnsdelen til kommuneplanen 2026-2038
- 9 Naturvernforbundet i Hallingdal - Innspel - Gol planprogram samfunnsdelen
- 10 Mattilsynet - Innspel til varsel om oppstart og høyring av planprogram - samfunnsdelen til kommuneplanen

Saksopplysningar:

Gol kommune har starta arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen. Arbeidet begynte med utarbeiding av eit planprogram. Planprogrammet til samfunnsdelen vart 1. gongshandsama 5. juni 2025, og låg ute til offentleg ettersyn i perioden 21. juni til 11. august 2025. Det vart samtidig varsla oppstart avplanarbeidet.

Under varsel om oppstart og høyring av planprogrammet kom det inn åtte uttaler. Desse er frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), Bane NOR, Mattilsynet, NVE, Direktoratet for mineralforvaltning, Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus, Buskerud fylkeskommune og Naturvernforbundet i Hallingdal.

Overordna plan:

Den gjeldande samfunnsdelen vart vedteke 12. juni 2018. Endringar i samfunnet, og kommunen forøvrig, gjer at samfunnsdelen er moden for revisjon. Kommunestyret vedtok i samband med planstrategi for Gol kommune 2024-2027 at kommuneplanens samfunnsdel skal reviderast.

Økonomiske konsekvensar

Ingen økonomiske konsekvensar utover bruk av arbeidstid for dei tilsette i kommunen. Det er sett av tid til å utarbeide samfunnsdelen.

Miljøkonsekvensar:

Planprogrammet har ingen miljøkonsekvensar, men strategiane som blir vedteke i samfunnsdelen kan ha store miljøkonsekvensar.

Vurdering:

Som nemnd i saksopplysningar, har det kome inn åtte uttaler. Uttalene gjeld i stor grad planarbeidet, og omhandlar i liten grad sjølv planprogrammet. Vurdering av uttalene ligg som vedlegg x. Med bakgrunn i at uttalene i hovudsak dreier seg om sjølv planarbeidet, ser ikkje administrasjonen nokon grunn for å gjere endringar i planprogrammet. Uttalene blir likevel viktige i sjølv planarbeidet.

Inntil vidare ser det ut til at framdriftsplanen ikkje trengs å reviderast, men det kan skje justeringar undervegs i prosessen.

8. september 2025

Sandra Marie Paulsen
Leiar Plan og utvikling

Svein Eide
kommunalsjef Samfunn og utvikling